# Møtebok

| **Organ:** | **Arbeidsutval i Villreinnemnda for Setesdalsområdet** |
|---|---|
| Møtestad: | Fjernmøte (Skype) |
| Dato og tid: | 03.04.2020, kl.10.00 |
| Tidsbruk: | 1,5 timar |
| Førebuingstid: | 1 time |

## Til stades

| **Arbeidsutvalet** | | **Møtt** |
|---|---|---|
| Knut Hagen | Leiar | X |
| Margareth Gjøse Larsen | Nestleiar | X |
| Bertin Bjåen | AU | X |
| Ole Henrik Skindalen | AU | X |
| Lill Synnøve Laugaland | AU | X |
| | | |
| **Varamedlemmer** | | |
| Torbjørn Fjermestad | 1.vara | |
| Irene Klungtveit Slagstad | 2.vara | |
| Janne Nøkland Haddeland | 3.vara | |
| | | |
| **Andre** | | |
| Jarle Lunde | Sekretær | X |

Møteboka er elektronisk godkjend av deltakarane i møte.

Sand 08.04.20
Jarle Lunde

*Storvassdammen, endepunkt for Blåsjøvegen*

# Sakliste

| | |
|---|---|
| Sak 05/20: | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| Sak 06/20: | Delegasjonssaker |
| Sak 07/20: | Meldingar |
| Sak 08/20: | Uttale - Offentlig ettersyn av permanent stenging av Blåsjøveien for allmennheten |
| Sak 09/20: | Uttale til søknad om økt regulering av Svartetjørn og utviding av Straume kraftverk i Valle kommune |
| Sak 10/20 | Eventuelt |

Sekretariat:
Postadr.: Sandsvegen 122, 4230 Sand. Tlf: 52 79 24 35 (404 18 967)
E-post: jarle.lunde@suldal.kommune.no. Nettside: http://villrein.no/setesdal-nemnd/

Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Sak 05/20

# Godkjenning av innkalling og sakliste

| | **Møtedato** | **Sakshandsamar:** |
|---|---|---|
| Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet | 03.04.20 | Jarle Lunde |

## Forslag til vedtak

Innkalling og sakliste blir godkjent slik ho ligg føre.

## Behandling

Røysting

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak.

## Vedtak

Innkalling og sakliste blir godkjent slik ho ligg føre.

Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Sak 06/20

# Delegasjonssaker

| | Møtedato | Sakshandsamar: |
|---|---|---|
| Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet | 03.04.20 | Jarle Lunde |

## Underliggande saker (vedlegg)

1.
Uttale - søknad om oppføring av tilbygg til hytte og ombygging av eksisterande båthus til do/vedskjul på gnr. 43, bnr. 5, Skjervingvatnet i Valle austhei

2.
Uttale - søknad om oppføring av driftsbygning på gnr. 69, bnr. 1 ved Mjåvatn, Valle

3.
Uttale - reguleringsplan Solliåsen nord gbnr 17/123. Fyresdal kommune

4.
Uttale til detaljert reguleringsplan for Stigemyran, Valle kommune

## Forslag til vedtak

Sakene blir teke til orientering

## Behandling

Røysting
Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak.

## Vedtak

Sakene blir teke til orientering

# Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Valle kommune
Postboks 4

4746 VALLE

| Dykkar ref. | Vår ref. | Arkivkode: | Dato: |
|---|---|---|---|
| | 20/189-2 20/1772<br>Jarle Lunde | K2 - L42 | 02.03.2020 |

**UTTALE - SØKNAD OM OPPFØRING AV TILBYGG TIL HYTTE OG OMBYGGING AV EKSISTERANDE BÅTHUS TIL DO/VEDSKJUL PÅ GNR. 43, BNR. 5, SKJERVINGVATNET I VALLE AUSTHEI**

**Saka**
Valle kommune har motteke søknad om tilbygg til eksisterande hytte ved Skjervingvatnet i Valle. Villreinnemnda har fått saka til uttale.

Frå søknaden: «Da vi er en stor familie ønsker vi å utvide eksisterende hytte frå 25 $m^2$ til totalt 55$m^2$.»

Valle kommune opplyser om at eksisterande hytte er målt på kartet til 34,5 m2 BYA.. På teikningane er det oppgjeve nytt bygd areal:
- Nybygget er på 30 m2.
- Vedbo/utedo er på 7 m2.

Nytt bruksareal:
- Nybygg 27, 8 m2
- Utedo/vedbod: 5, 3 m2

**Vurdering**
Villreinnemnda uttalar seg i forhold til villreininteresser. Jfr § 21 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal nemnda arbeida for ei langsiktig berekraftig forvaltning av villreinen og villreinen sine leveområde.

Forvaltning av villrein
Villrein er ein ansvarsart for Norge. Gjennom Bern-konvensjonen har me teke på oss ei plikt til å ta vare på villreinen. Me forvaltar dei siste livskraftige bestandene av den opphavelege ville fjellreinen i Europa. Den generelle samfunnsutviklinga har ført til ein

fragmentering av villreinen sine leveområde. Det er no auka fokus på arealforvaltning som ein viktig strategi for å ta vare på villreinen som art på lang sikt.

Setesdal Austhei er eit av 10 villreinområde som har status som Nasjonale villreinområde.

Villreinen i området

Jfr bestandsplanen for Setesdal Austhei villreinområde er målet at det skal vere 1500 dyr. Det er pr dags dato om lag 1200. Området nord for fylkesveg 45 har mykje samanhengande høgfjell og utgjer først og fremst vinterbeite, mens skogsområda i syd utgjer kalving og sommarbeite. Jamfør Miljødirektoratet sin kartteneste (villrein WMS) ligg hytta i registrert kalvingsområde. Det er og registert ein trekkveg aust for Skjervingvatnet der hytta ligg, sjå kart 1.

Gps-data frå merka simler viser at områda rundt hytta er blitt nytta i prosjektperioden, sjå kart 2. Vinteren 2020 har vore ein beitemessig vanskeleg tid for villreinen, noko som har medført at dyra har vore på stader der dei normalt ikkje er på denne tida, blant anna like ved aktuell hytte.



*Kart 1. Kalvingsområde og trekkveg for villrein. Rød markering er plassering av aktuelt tiltak.*



*Kart 2. GPS spor frå merka villrein.*

Planstatus

Det er utarbeid regional plan for heilskapleg forvaltning av dei viktigaste villreinbestandane. I vårt område er dette Heiplanen. Denne er innarbeid i Valle sin kommuneplan. Tiltaket det søkast om ligg i nasjonalt villreinområde, sjå kart 3.

I denne omsynssona skal villreinens interesser tilleggas stor vekt i all arealforvaltning og saksbehandling. I dei generelle retningslinjene for Nasjonalt villreinområde heiter det blant anna (s.16)

- *Villreinen har større toleranse for ferdsel i områder med skogsterreng, dette og den sesongmessige bruken av området skal tillegges vekt ved behandling av søknader i hele området.*
- *Det skal legges spesiell vekt på å unngå virksomhet, aktivitet og forstyrrelse i vinter beiteområder, kalvingsområder og viktige trekkområder samt fokusområdene i de aktuelle årstider/perioder. Det skal heller ikke tillates byggevirksomhet som forringer villreinens bruksmuligheter av disse områdene.*
- *Mindre tilbygg på eksisterende bygninger kan tillates etter søknad for å kunne oppgradere til nyere standard. Det kan gis tillatelse til å bygge et mindre frittstående uthus.*




*Kart 3. Nasjonalt villreinområde*




*Kart 4. Bygg og tiltak i området. Dei som er markert med rødt ligg i nasjonalt villreinområde.*

<u>Sluttvurdering og konklusjon</u>

Det er ingen tvil om at aktuelt område er eit svært viktig funksjonsområde for villreinen. Skogsområda i sørlige del av villreinområde er da også definert som eit «Fokusområde» av villreinforvaltninga. Denne vinteren har me også sett at området fungerer som eit «reserveområde» når klimaet gjorde vinterbeite i nord vanskeleg/utilgjengeleg. Det at ferdsel skjer i skogsterreng gjer likevel at villreinen har ein større toleranse her enn i fjellterreng.

Eit relevant spørsmål er dermed kva ein kan tillate av «mindre tilbygg» utan at dette er negativt for villreinen sitt bruksmulegheiter. Er det 10 $m^2$, 15 eller er det 30 som i denne søknaden?

Området har ei rekkje hytter, dette går fram av kart 4. Her er altså eit stort potensiale for mange tilbygg. Det er i denne ramma ein må sjå på det enkelte tiltak. Legger ein summen av tiltak over tid saman, kan den samla belastninga bli så stor at det ikkje er mogleg å nå forvaltningsmåla. Det visar seg at auka storleik og standard på hyttene i praksis fører til

auka bruk og aktivitet. Dette vil kunne auke presset på området. Her må ein derfor følgje eit føre var prinsipp og vere restriktiv i kva ein kan tillate av tilbygg. Her er også presedensverknad sentralt.

Villreinnemnda vil vise til Sivilombudsmannens uttale (mars 2018) til behandlinga av ein dispensasjonssak for bygging av hytte i randområdet til regional plan for Nordfjella med Raudafjell[1]. Sivilombudsmannen drøfter her betydinga av enkeltsaker i forhold til presedens og samla belastning (Nml §10):
*I saker som denne, hvor naturmangfoldet er berørt, er det ikke tilstrekkelig å vurdere skadevirkningene isolert og kun ut fra et nåtidsperspektiv. Etter naturmangoldloven § 10 skal «påvirkning av et økosystem … vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for». Denne bestemmelsen skal blant annet forhindre en gradvis forvitring av leveområder hvor inngrepene gjerne finner sted «bit for bit, over tid, til den samlede belastningen er så stor at leveområder, arter eller genetisk mangfold kan gå tapt», jf. Ot.prp. nr. 52 (2008-2009) s. 104. På s. 381 heter det videre at det er «effekten på naturmangfoldet som vurderes i prinsippet om samlet belastning, ikke det enkelte tiltaket som sådan». Det innebærer blant annet at «påvirkningen ikke skal vurderes isolert, men på bakgrunn av den miljøbelastning som allerede er skjedd gjennom andre påvirkninger».*

Med bakgrunn i dette meiner villreinnemnda ein må ha ein svært restriktiv haldning til bygging, og dermed auka aktivitet og ferdsel i dette viktige område for villreinen. Villreinnemnda vil derfor rå ifrå at det blir gitt løyve til eit tilbygg på hytta etter søknad.

Vennleg helsing

| | |
|---|---|
| Knut Hagen<br>Leiar/lokalt representant | Lill Laugaland<br>nestleiar |

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Agder fylkeskommune | Agder fylkeskommunePostboks 788 Stoa | 4809 | ARENDAL |
| Fylkesmannen i Agder | Postboks 788 Stoa | 4809 | ARENDAL |

[1] https://www.sivilombudsmannen.no/uttalelser/dispensasjon-til-oppforing-av-hytte-i-randomradet-for-villrein/).

# Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Valle kommune
Postboks 4

4746 VALLE

| Dykkar ref. | Vår ref. | Arkivkode: | Dato: |
|---|---|---|---|
| | 20/170-2 20/1599<br>Jarle Lunde | K2 - L42 | 14.02.2020 |

**UTTALE - SØKNAD OM OPPFØRING AV DRIFTSBYGNING PÅ GNR. 69, BNR. 1 VED MJÅVATN**

**Saka**
Grunneigar søker om oppføring av driftsbygning på gnr. 69, bnr. 1 ved Mjåvatn.
Den tidlegare bua hadde SEFRAK nr: 0940-0005-079, Den lisle bui. Denne var på 9 m2 og falt i hop rundt1975. Det blir no søkt om ny bu på 30m2 om lag 70 meter lengre vest. Søkjar driv i dag Setesdals største sauedrift med 300 vinterfora sau.

**Vurdering**
Villreinnemnda uttalar seg i forhold til villreininteresser. Jfr § 21 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal nemnda arbeida for ei langsiktig berekraftig forvaltning av villreinen og villreinen sine leveområde.

Villreinen i området
Jfr bestandsplanen for Setesdal Austhei villreinområde er målet at det skal vere 1500 dyr. Området nord for fylkesveg 45 har mykje samanhengande høgfjell og utgjer først og fremst vinterbeite, mens skogsområda i syd utgjer kalving og sommarbeite. Jamfør Miljødirektoratet sin kartteneste (villrein WMS) ligg bygninga i kalving og sommarbeiteområde. Det er ein trekkveg aust og vest for vatnet (kart 1).

Gps-data frå merka simler viser at områda rundt Den lisle bui har vore nytta i merkeperioden (kart 2).

Suldal kommune har sekretariat for Villreinnemnda for Setesdalsområdet.

Postadr.: Sandsvegen 122, 4230 Sand.
Tlf: 52 79 24 35 (404 18 967)
E-post: jarle.lunde@suldal.kommune.no.
Nettside: http://villrein.no/setesdal-nemnd/

SULDAL KOMMUNE







Planstatus

Sikring av villreinens leveområder er eit nasjonalt mål. Det er mellom anna oppretta 10 nasjonale villreinområder. Setesdal Austhei er eit av desse. Det er utarbeid regional plan for heilskapleg forvaltning av dei viktigaste villreinbestandane. I vårt område er dette Heiplanen. Denne er innarbeid i Valle sin kommuneplan. Tiltaket det søkast om ligg i nasjonalt villreinområde i Heiplanen.

I denne omsynssona skal villreinens interesser tilleggas stor vekt i all arealforvaltning og saksbehandling. Landbruk, næringsutvikling og friluftsliv kan fortsette og vidareutviklast innan gitte rammer.

I dei generelle retningslinjer for Nasjonalt villreinområde heiter det blant anna (Heiplanen):

- *Villreinen har større toleranse for ferdsel i områder med skogsterreng, dette og den sesongmessige bruken av området skal tillegges vekt ved behandling av søknader i hele området.*
- *Det skal legges spesiell vekt på å unngå virksomhet, aktivitet og forstyrrelse i vinter beiteområder, kalvingsområder og viktige trekkområder samt fokusområdene i de aktuelle årstider/perioder. Det skal heller ikke tillates byggevirksomhet som forringer villreinens bruksmuligheter av disse områdene.*

I dei spesielle retningslinjer for nasjonalt villreinområde heiter det mellom anna:

- *Grunneiere som driver utmarksnæringer kan bygge, rehabilitere og videreutvikle nødvendige driftshusvære og støler for å utnytte utmarksressursene på eiendommen, i samsvar med gjeldende forståelse av utmarksnæringer*
- *Lokalisering av alle nye bygg skal skje i minst mulig konflikt med villreinens areal bruk etter vurderinger basert på oppdatert kunnskap i samsvar med plan. Alle byggetiltak forutsettes å skje i tilknyting til dokumenterbare utmarksnæringer.*

**Konklusjon**

Ny driftsbygninga er planlagt på 30m2. Med bakgrunn i at denne er ser ut til å vere i samsvar med retningslinjene i Heiplanen og kommuneplan har villreinnemnda ingen vidare merknad til denne. Det leggast vekt på at villreinen har større toleranse for ferdsel i områder med skogsterreng.

Det bør stillast vilkår om at driftsbygningen ikkje blir bygd i kalvingstida for villrein, definert som 25.april til 31.mai.

Vennleg helsing

Knut Hagen
Leiar/lokalt representant

Lill Laugaland
nestleiar

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Agder fylkeskommune | Agder fylkeskommunePostboks 788 Stoa | 4809 | ARENDAL |
| Fylkesmannen i Agder | Postboks 788 Stoa | 4809 | ARENDAL |

# Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Fyresdal kommune
Klokkarhamaren 6

3870 Fyresdal

| Dykkar ref. | Vår ref. | Arkivkode: | Dato: |
|---|---|---|---|
| ee10b0f6-9b91-4ac3-a54f-abcf39fbb9e9 | 20/300-2 20/3985 Jarle Lunde | K2 - L12 | 12.03.2020 |

**UTTALE - REGULERINGSPLAN SOLLIÅSEN NORD GBNR 17/123**

Viser til brev datert 02.03.2020 vedkomande nemnde sak.

Villreinnemnda uttalar seg i forhold til villreininteresser. Jfr § 21 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal nemnda arbeida for ei langsiktig berekraftig forvaltning av villreinen og villreinen sine leveområde.

Det er utarbeid ein regional plan for heilskapleg forvaltning av dei viktigaste villreinbestandane. I vårt område er dette Heiplanen. Jamfør denne ligg heile det aktuelle planområde i «Hensynsone bygdeutvikling». Villreinen sine interesser reknast å vere avklart i denne sona ved at Heiplanen sine intensjonar og mål blir gjennomført.

Med bakgrunn i dette har villreinnemnda ingen merknad til planane.

Vennleg helsing
Jarle Lunde
sekretær

**Kopi til:**
Fylkesmannen i Vestfold og Telemark Postboks 2076 3103 TØNSBERG

Suldal kommune har sekretariat for Villreinnemnda for Setesdalsområdet.

Postadr.: Sandsvegen 122, 4230 Sand.
Tlf: 52 79 24 35 (404 18 967)
E-post: jarle.lunde@suldal.kommune.no.
Nettside: http://villrein.no/setesdal-nemnd/

SULDAL KOMMUNE

# Villreinnemnda for Setesdalsområdet

v/Erling Ingolf Aas Stærk & Co. a.s
Havnegaten 1

4836 ARENDAL

| Dykkar ref. | Vår ref. | Arkivkode: | Dato: |
|---|---|---|---|
| | 20/382-2 20/4799<br>Jarle Lunde | | 30.03.2020 |

**UTTALE TIL DETALJERT REGULERINGSPLAN FOR STIGEMYRAN, VALLE KOMMUNE**

Viser til brev datert 12.03.2020

Villreinnemnda uttalar seg i forhold til villreininteresser. Jfr § 21 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal nemnda arbeida for ei langsiktig berekraftig forvaltning av villreinen og villreinen sine leveområde.

Det er utarbeid ein regional plan for heilskapleg forvaltning av dei viktigaste villreinbestandane. I vårt område er dette Heiplanen. Denne er innarbeida i Valle sin kommuneplan. Jamfør denne ligg heile det aktuelle planområde i «Hensynsone bygdeutvikling». Villreinen sine interesser reknast å vere avklart i denne sona ved at Heiplanen sine intensjonar og mål blir gjennomført.

Med bakgrunn i dette har villreinnemnda ingen merknad til planane.

Vennleg helsing
Jarle Lunde
sekretær

**Kopi til:**
Valle kommune Postboks 4 4746 VALLE

Suldal kommune har sekretariat for Villreinnemnda for Setesdalsområdet.

Postadr.: Sandsvegen 122, 4230 Sand.
Tlf: 52 79 24 35 (404 18 967)
E-post: jarle.lunde@suldal.kommune.no.
Nettside: http://villrein.no/setesdal-nemnd/

SULDAL KOMMUNE

# Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Sak 07/20

## Meldingar

| | Møtedato | Sakshandsamar: |
|---|---|---|
| Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet | 03.04.20 | Jarle Lunde |

**Underliggande saker:**

1.
Valle kommune:
Melding om vedtak. Avslag på søknad om dispensasjon for riving av båthus og oppføring av do/vedskjul på gnr. 43, bnr. 5, Skjervingvatnet i Valle Austhei
I tråd med villreinnemnda sin uttale.

2.
Valle kommune:
Melding om vedtak. Dispensasjon for oppføring av driftsbygning på gnr. 69, bnr. 1 ved Mjåvatn.
I tråd med villreinnemnda sin uttale.

3.
Nemnda på synfaringar med Statnett på linjetrase Sauda-Lyse. Oppfølging som del av Detaljplan for miljø og landskap for prosjektet.

4.
Alle representantar i nemnda er no oppnemnt av Miljødirektoratet. Kontaktinformasjon blir sendt alle medlemmer.

5.
Villreinen har ein vanskeleg vinter med nedising og mykje snø i fjellet. Det er gjort vedtak i fleire kommunar, og av fleire aktørar i villreinfjellet, for å lette forholda for villreinen.

6.
Villreinnemnda er representert i fleire styrer/arbeidsgrupper. Pr dags dato:
Margit Smeland, styringsgruppa for Villreinfjellet som verdiskapar.
Torbjørn Fjermestad, fagleg rådgjevande utval for SVR
Torbjørn Fjermestad, arbeidsgruppa flytting av Øyuvsbu
Tommy Vatslid, arbeidsgruppa Bjørnevatn og ferdsel i GPS-prosjektet i Setesdal Austhei.
Margit Smeland, styringsgruppa i GPS-prosjektet i Setesdal Austhei. Bertin Bjåen er vara.
Gunhild Eikhom, prosjektet "Villreinen i Våmur Roan - kunnskap om områdebruk"

## Forslag til vedtak
Sak 1-5 blir teke til orientering.
I sak 6 må AU velje fleire nye representantar.

## Behandling
Ingen merknad til sak 1-5.

I punkt 6 blei det av sekretær foreslått følgande endringar:
- Knut hagen erstattar Margit Smeland i styringsgruppa for Villreinfjellet som verdiskapar
- Bertin Bjåen erstattar Tommy Vatslid i arbeidsgruppa Bjørnevatn og ferdsel, GPS-prosjektet
- Bertin Bjåen erstattar Margit Smeland i styringsgruppa i GPS-prosjektet

Forslag blei samrøystes vedteke

## Vedtak
Punkt 1-5 blir teke til orientering.

Punkt 6:
Følgjande medlemmer møter som representantar i gitt styre/utval:
- Knut Hagen, styringsgruppa for Villreinfjellet som verdiskapar.
- Torbjørn Fjermestad, fagleg rådgjevande utval for SVR
- Torbjørn Fjermestad, arbeidsgruppa flytting av Øyuvsbu
- Bertin Bjåen, arbeidsgruppa Bjørnevatn og ferdsel i GPS-prosjektet i Setesdal Austhei.
- Bertin Bjåen, styringsgruppa i GPS-prosjektet i Setesdal Austhei.
- Gunhild Eikhom, prosjektet "Villreinen i Våmur Roan - kunnskap om områdebruk"

Villreinnemnda for Setesdalsområdet

**Sak 08/20**

# Uttale - Offentlig ettersyn av permanent stenging av Blåsjøveien for allmennheten

| | **Møtedato** | **Sakshandsamar:** |
|---|---|---|
| Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet | 03.04.20 | Jarle Lunde |

## Vedlegg

Vedlegg i saka (ikkje i møtebok):
- NVE: Offentlig ettersyn av permanent stenging av Blåsjøveien for allmennheten med høringsdokument

## Saka

Etter mange års prøveperiode med stenging av Blåsjøveien for allmennheten har Statkraft bedt NVE foreta ei endelig avgjørsle i saka. OED uttalte 16.11.2017, i samband med klagebehandling av forlenging av prøveperioden ut 2018, at saka skulle på ei brei høyring før endeleg vedtak. Høyringa NVE nå gjennomfører er ei oppfølging av dette vedtaket.

NVE føreslår at gjeldande bomregime blir permanent.
«Basert på nyervervet kunnskap og lang erfaring med begrensingen av allmennhetens bruk av Blåsjøveien, vil NVE foreslå at vedtaket fra 5.2.2005 gjøres til en permanent ordning med følgende innhold:

- *Trafikken på Blåsjøvegen mellom Venehei og Storvassdammen vert avgrensa ved hjelp av (noverande) bommar på Venehei og Beinlei.*
- *Bommen på Venehei vert ståande open for ålmenn ferdsle inn til Beinlei i perioden 15. august til 30. september dersom Statkraft SF finn at føretilhøva m.m. tillet dette.*
- *Bommen på Beinlei er stengt for ålmenn ferdsle. Ingen andre enn Statkraft SF og Statnett i driftssamanheng, NVE og andre offentlege etatar i teneste samt eventuelt politi, lege og ambulanse under utrykking kan normalt passera denne bommen. Om det er ønskjeleg med tanke på eventuelle leiteaksjoner eller andre naudsynte utrykkingar, skal lensmennene i Hjelmeland og Suldal kunna disponera nøklar til dei to bommane for bruk i slike tilfelle.*
- *I tilfelle kor det er meldt om sauer i området etter at den ordinære sankinga er over får sauesankarar løyve til å passera Veneheibommen også etter 30. september. Dersom desse sauene vert funne syd for Beinleibommen, kan også denne passerast dersom vér- og snøtilhøve gjer det uforsvarleg å driva sauene langs vegen. All ferdsle i denne perioden skjer på eige ansvar.*

- *Hjelmeland kommune disponerer nøklar til desse bommane for bruk i slike tilfelle. Kommunen er ansvarleg for utlån av desse samt køyreløyve og skal gjeva melding til Statkraft SF, SVR og SNO ved utlån (e-post). Den som lånar nøklar skal kvittera på dette både ved henting og levering og kommunen fører protokoll over utlåna. Kopi av denne vert å senda til NVE til orientering etter kvar beitesesong.»*

NVE opplyser at utlånet av nøklar har vært avgrensa: «I perioden 2011-2014 ble nøkler lånt ut totalt 16 dager. I 2015 tilsa snøforholdene ikke behov for utlån., og i 2017 ble nøkkel lånt 3 dager i oktober. I 2019 fikk Hjelmeland fjellstyre disponere nøkkel til Veneheia i forbindelse med oppgradering av Beinlei hytta. Alternativt måtte det benyttes helikopter.»

Når det gjeld historia bak prøvereglementa som har vore på vegen, og diskusjonen rundt dette, vises det til høyringsnotatet.



*Kart over Blåsjøvegen med oversikt over aktuelle bommar, ferdselsteljar og fokusområde for villreintrekk.*

Villreinen i området - fokusområde

Trekkpassasjen mellom Blåsjø (Ulla-Førre) og Svartevassmagasinet (Sira-Kvina) er definert som eit fokusområde i norsk villreinforvaltning. Frå naturen si side er trekkmoglegheiter i området avgrensa frå naturen si side, og blei ytterlegare avgrensa etter reguleringane med tilhøyrande magasin, anleggsvegar og kraftlinjer. I tillegg er turisthytta Storsteinen med sitt rutenett lokalisert i dei smale resttrekka. Den samla belastninga har medført at trekkaktiviteten (nord-sør og aust-vest) i området har nær stoppa opp, området er blitt fragmentert og store areal blir i liten grad brukt. På grunn av dette har ein i dag ein todelt bestandsforvaltning i Setesdal Ryfylke.

Planstatus

Villrein er ein ansvarsart for Norge. Gjennom Bern-konvensjonen har me teke på oss ei plikt til å ta vare på villreinen. Me forvaltar dei siste livskraftige bestandene av den opphavelege ville fjellreinen i Europa. Den generelle samfunnsutviklinga har ført til ei fragmentering av villreinen sine leveområde. Dette gjeld ikkje minst i Setesdal-Ryfylke.

Det er utarbeid regional plan for heilskapleg forvaltning av dei viktigaste villreinbestandane. I vårt område er dette Heiplanen. Området det her er snakk om ligg i sin heilheit i nasjonalt villreinområde. I denne omsynssona skal villreinens interesser tilleggas stor vekt i all arealforvaltning og saksbehandling.

Me vil her trekke fram følgjande retningslinjer som særleg relevante

- *Det skal legges spesiell vekt på å unngå virksomhet, aktivitet og forstyrrelse i vinter beiteområder, kalvingsområder og viktige trekkområder samt fokusområdene i de aktuelle årstider/perioder. Det skal heller ikke tillates byggevirksomhet som forringer villreinens bruksmuligheter av disse områdene.*
- *For nye og eksisterende landbruksveier og anleggsveier skal ferdselsreguleringer vurderes ved bom og andre restriksjoner, slik at veiene prioriteres for næringskjøring i forbindelse med landbruk og anleggstilsyn.*

I tillegg til å vere nasjonalt villreinområde ligg dei sørlege delane av Blåsjøvegen, og vidare sørover, i verneområde. Vern om villreinen sitt leveområde er eit sentralt verneføremål både for Steinbuskardet-Hisdal biotopvernområde og Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

Meir om brukarane av vegen

Vegen mot Storvassdammen blir marknadsført som ein fantastisk sykkeltur i 1100 meters høgde. Særleg frå Beinlei er turen populær då terrenget herifrå er flatare sørover til Storvassdammen. Mange nyttar vegen til å komme til turisthytta Storsteinen, ei rute som blir framheva av turistforeininga

Men kor mange er det eigentleg som brukar vegen? GPS-merkeprosjektet gjennomførte ferdselsregistreringar i Steinbuskardområdet og langs Blåsjøvegen frå 2014. Teljaren langs vegen var plassert om lag midtvegs mellom bommen på Beinlei og Storvassdammen og registrerte både gåande, syklande og bilar.

- Det var ein liten auke i perioden med 386 passeringar i 2014, 472 passeringar i 2016 og 562 passeringar i 2017. I 2015 var det for mykje snø.
- Ferdselsteljarane inne i sjølve Steinbuskardområdet registrerte om lag 1000 passeringar i 2017. Av desse utgjer tilkomsten via Blåsjøvegen om lag 200 passeringar eller 20% av trafikken.

Verneområdeforvaltar for SVR opplyser at dei har gjennomført ei kartlegging av nokre sentrale aktørar sin bruk av Blåsjøvegen. I eit normalt år vil Statnett og Statkraft ha til saman

70 passeringar av teljaren ved Beinleidokki med bil. Beitelaga som driv tilsyn og sauesanking med utgangspunkt i Blåsjøvegen har til saman 30 passeringar. Normalt vil 20-25 av desse skje til fots eller med sykkel, men 5-10 vil skje med bil når dei har fått nøkkel til bommen. Desse tre brukargruppene utgjer til saman 100 passeringar eller 20% av den totale trafikken. Dette inneberer at vel 80% av passeringane ved Beinleidokki skyldast andre brukarar som sykkelturistar, fotturistar og jegerar.

## Vurdering

Samla belastning må reduserast gjennom mindre ferdsel

Setesdal Ryfylke villreinområde er sterkt fragmentert av vassdragsutbyggingar. Oppdemte magasin har stengt tradisjonelle trekkveier for villrein, og skapt tronge trekkpassasjer. I tillegg gir anleggsveger økt ferdsel inn i kjerneområda for villrein. Framtidige tiltak må handle om å legge forholda til rette for ei robust utvikling som kan handtere endringar i ferdsel og bruk.

Hausten 2019 kom sluttrapporten frå siste GPS villreinprosjektet i Setesdal-Ryfylke. Rapporten kjem med fleire forslag til avbøtande tiltak i det aktuelle område for å opna for «ny» trekkaktivitet, blant anna ferdselsrestriksjonar på vegen inn til Store Urar og jaktfrie soner. Det mest omfattande tiltaket inkluderer flytting av heile det merka sti- og hyttenettet frå austsida av Blåsjø til vestsida av Blåsjø, inkludert turisthytta Storsteinen. Forskerane omtalar dette som eit robust tiltak for framtida, men på grunn av fortsatt usikkerhet knyt til effekten av dette store og kostbare tiltaket for reinen, anbefaler dei at man gjennomfører meir detaljerte analyser av effektar av tiltaket i RenRein-prosjektet (pågår).

Det som er klart er at jo mindre menneskeleg ferdsel det er i dette kritiske området, desto betre for villreinen. Med bakgrunn i dette meiner sekretariatet at ein må stenge bommen på Veneheia for allmenn ferdsel også i august og september. Dette vil vere eit enkelt tiltak som vil redusere trafikken til område (sykkellistar, fotturistar, jegerar). Samstundes kan ein kanalisere mykje av denne ferdsla til andre og meir robuste område i forhold til villrein, t.d. mot Førrevassdammen og vidare sørover.

Dersom ein vel å stengje for allmenn ferdsel frå Veneheia heile året, vil det vere naturleg at dette også inkluderer dei som leiger hytte, jakt og fiske av fjellstyra eller Statskog.

Å redusere ferdsel på vegen, og dermed leggje til rette for mindre aktivitet og forstyrring i eit viktig trekkområde/fokusområde, vil vere i tråd med retningslinjene gitt i Heiplanen,

Tilpassing til næring og grunneigarar

Det vil i framtida vere behov for at Statkraft, Statnett, Statens naturoppsyn, Statskog, fjellstyra, grunneigarar og dei organiserte beitelaga å nytta vegen. Å prioritera vegen for avgrensa næringskjøring vil og vere i tråd med retningslinjene gitt i Heiplanen.

Beitelag og grunneigarar sin bruk av Blåsjøvegen har eit avgrensa omfang. I dag har beitelaga som driv tilsyn og sauesanking til saman om lag 30 turar mot/til Storvassdammen. Normalt

har 20-25 av desse vore til fots eller med sykkel, mens 5-10 har vore med bil når dei har fått nøkkel til beinleibommen etter 1.oktober. Med bakgrunn i villreinomsyn er det etter sekretariatet sitt syn betre at ein nytter bil enn at ein går/syklar. Ein må kunne anta at jo lengre tid ein er i området, jo større er faren for å påverka villreinen.

Det har lenge vore eit ønskja om ein mindre tungvint tilgang til bruk av vegen, blant anna frå beitelaga. Dersom ein vel opne for ei ny løysing må dette vere under føresetnad at det etablerast ein praktisk og kontrollerbar ordning som ikkje opnar for misbruk. Ei løysing med elektronisk bom med kodelås og loggføring kan t.d. vere ei god ordning for alle. Dersom ein stengjer vegen frå Veneheia for allmenn ferdsel heile året vil dette aktualisere denne problemstillinga.

Det må vere eit mål at bruken av vegen i samband med næring ikkje skal auke.

Tiltaket og kvalitetsnorm for villrein
Kvalitetsnorm for villrein har nyleg vore på høyring og vil truleg bli vedteke i løpet av året. Med trafikklysterminologien frå norma kan ein seie at gps-prosjektet med tydelegheit har vist at det lyser rødt i fokusområdet mellom Blåsjø og Svartevassmagasinet. Å kunne redusere ferdsel inn i området frå Blåsjøvegen vil kunne bidra til, saman med andre tiltak, at dette viktige funksjonsområde vil kunne bli tatt meir i bruk av villreinen.

## Framlegg til vedtak

Trekkpassasjen mellom Blåsjø (Ulla-Førre) og Svartevassmagasinet (Sira-Kvina) er definert som eit fokusområde i norsk villreinforvaltning. Den samla belastninga har medført at trekkaktiviteten (nord-sør og aust-vest) i området har nær stoppa opp, området er blitt fragmentert og store areal blir i liten grad brukt.

Nyare forsking peikar på fleire tiltak for å betra situasjonen. Eit fellestrekk for desse er å redusere menneskeleg ferdsel i området. Med bakgrunn i dette meiner villreinnemnda at

- ein må stenge bommen på Veneheia for allmenn ferdsel også i august og september. Dette vil vere eit enkelt tiltak som vil redusere trafikken til område (syklistar, fotturistar, jegerar). Forslaget er i tråd med retningslinjene gitt i Heiplanen. Dersom ein vel å stengje for allmenn ferdsel frå Veneheia heile året, vil det vere naturleg at dette også inkluderer dei som leiger hytte, jakt og fiske av fjellstyra og Statskog.

- Villreinnemnda ser at det i framtida vil vere behov for at Statkraft, Statnett, Statens naturoppsyn, Statskog, fjellstyra, grunneigarar og dei organiserte beitelaga får nytta vegen. Å prioritera vegen for avgrensa næringskjøring vil og vere i tråd med retningslinjene gitt i Heiplanen. Det må vere eit mål at bruken av vegen i samband med næring ikkje skal auke. Ei løysing med elektronisk bom med kodelås og loggføring kan t.d. vere ei god ordning for alle. Reglementet må ta omsyn til at det er betre at ein køyrer på vegen enn at ein går/syklar.

Å kunne redusere ferdsel inn i området frå Blåsjøvegen vil kunne bidra til, saman med andre tiltak, at dette viktige funksjonsområde vil kunne bli tatt meir i bruk av villreinen.

## Behandling

Knut Hagen foreslo at det blei gjort endring i tredje avsnitt for å opne for at jegerar får bruke vegen fram til Beinlei. Avsnittet blir då:

- ein må stenge bommen på Veneheia for allmenn ferdsel også i august og september. Dette vil vere eit enkelt tiltak som vil redusere trafikken til område (syklistar, fotturistar). Forslaget er i tråd med retningslinjene gitt i Heiplanen. Dersom ein vel å stengje for allmenn ferdsel frå Veneheia heile året, vil det vere naturleg at dette også inkluderer dei som leiger hytte av fjellstyra og Statskog. Jegerar må ha tilgang til vegen til Beinlei fram til 1.oktober.

Røysting

Det blei først røysta over framlegget til innstilling: Fekk ei røyst og falt (Laugaland). Det blei deretter røysta over endringsforslag frå Hagen: Vedteke med fire røyster (Bjåen, Skindalen, Gjøse Larsen, Hagen).

## Vedtak

Trekkpassasjen mellom Blåsjø (Ulla-Førre) og Svartevassmagasinet (Sira-Kvina) er definert som eit fokusområde i norsk villreinforvaltning. Den samla belastninga har medført at trekkaktiviteten (nord-sør og aust-vest) i området har nær stoppa opp, området er blitt fragmentert og store areal blir i liten grad brukt.

Nyare forsking peikar på fleire tiltak for å betra situasjonen. Eit fellestrekk for desse er å redusere menneskeleg ferdsel i området. Med bakgrunn i dette meiner villreinnemnda at

- ein må stenge bommen på Veneheia for allmenn ferdsel også i august og september. Dette vil vere eit enkelt tiltak som vil redusere trafikken til område (syklistar, fotturistar). Forslaget er i tråd med retningslinjene gitt i Heiplanen. Dersom ein vel å stengje for allmenn ferdsel frå Veneheia heile året, vil det vere naturleg at dette også inkluderer dei som leiger hytte av fjellstyra og Statskog. Jegerar må ha tilgang til vegen til Beinlei fram til 1.oktober.

- Villreinnemnda ser at det i framtida vil vere behov for at Statkraft, Statnett, Statens naturoppsyn, Statskog, fjellstyra, grunneigarar og dei organiserte beitelaga får nytta vegen. Å prioritera vegen for avgrensa næringskjøring vil og vere i tråd med retningslinjene gitt i Heiplanen. Det må vere eit mål at bruken av vegen i samband med næring ikkje skal auke. Ei løysing med elektronisk bom med kodelås og loggføring kan t.d. vere ei god ordning for alle. Reglementet må ta omsyn til at det er betre at ein køyrer på vegen enn at ein går/syklar.

Å kunne redusere ferdsel inn i området frå Blåsjøvegen vil kunne bidra til, saman med andre tiltak, at dette viktige funksjonsområde vil kunne bli tatt meir i bruk av villreinen.

Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Sak 09/20

# Uttale til søknad om økt regulering av Svartetjørn og utviding av Straume kraftverk i Valle kommune

| | Møtedato | Sakshandsamar: |
|---|---|---|
| Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet | 03.04.20 | Jarle Lunde |

## Vedlegg

Vedlegg i saka (ikkje i møtebok):
- NVE: Høring av søknad om økt regulering av Svartetjørn og utvidelse av Straume kraftverk i Valle kommune

## Saka

«NVE har mottatt søknad fra Straume kraftverk AS om tillatelse til å øke slukeevnen i Straume kraftverk i Kvernåni med 0,3 m3/s. Samtidig søker selskapet om å få øke eksisterende regulering i Svartetjørn fra 1 m til 2,5 m. Søknaden skal behandles etter bestemmelsene i vannressursloven».

NVE har sendt saka ut på høyring med høyringsfrist 31.mai 2020. «NVE ønsker synspunkter om planene bør gjennomføres, ev. valg av alternativ eller forslag til begrensninger i planene. Vi ønsker også begrunnede forslag til avbøtende tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføringen av prosjektet.

## Vurdering

Villreinnemnda uttalar seg i forhold til villreininteresser. Jfr § 21 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal nemnda arbeida for ei langsiktig berekraftig forvaltning av villreinen og villreinen sine leveområde.

Forvaltning av villrein

Villrein er ein ansvarsart for Norge. Gjennom Bern-konvensjonen har me teke på oss ei plikt til å ta vare på villreinen. Me forvaltar dei siste livskraftige bestandene av den opphavelege ville fjellreinen i Europa. Den generelle samfunnsutviklinga har ført til ein fragmentering av villreinen sine leveområde. Det er no auka fokus på arealforvaltning som ein viktig strategi for å ta vare på villreinen som art på lang sikt.

Setesdal Austhei er eit av 10 villreinområde som har status som Nasjonale villreinområde.

Villreinen i området

Jfr bestandsplanen for Setesdal Austhei villreinområde er målet at det skal vere 1500 dyr. Det er pr dags dato om lag 1200. Området nord for fylkesveg 45 har mykje samanhengande høgfjell og utgjer først og fremst vinterbeite, mens skogsområda i syd utgjer kalving og sommarbeite. Jamfør Miljødirektoratet sin kartteneste (villrein WMS) ligg tiltaksområde utanfor både registrert kalvingsområde og sommarbeite. Det er registert ein trekkveg mellom tiltaksområde og Mjøvatn. Sjå kart 1.



*Kart 1. Funksjonsområde for villrein. Tiltaksområde er markert.*

Ser ein nærare på Gps-data frå merka simler, så vise desse at områda rundt tiltaksområde er blitt nytta i prosjektperioden, sjå kart 2. Datamaterialet tyde på at område blir brukt i kalvingstida eit og anna år.



*Kart 2. GPS spor frå merka villrein. Tiltaksområdet er markert.*

Planstatus

Det er utarbeid ein regional plan for heilskapleg forvaltning av dei viktigaste villreinbestandane. I vårt område er dette Heiplanen. Denne er innarbeid i Valle sin kommuneplan. Som kart 3 viser er tiltaksområde dels i bygdeutviklingssona og dels i omsynsone villrein. I bygdeutviklingssona er villreininteressene rekna for å vera avklart. I omsynssone villrein skal villreininteressene vektleggast i all arealforvaltning, men ein kan tillata noko meir aktivitet enn i nasjonalt villreinområde.



*Kart 3. Omsynsoner etter Heiplanen. Tiltaksområdet er markert.*

Avsluttande merknad
I følgje søknad er det ikkje forventa at utbygginga vil ha noko betydning for villreinen. Sekretariatet er langt på veg einig i dette. Området ligg i utkanten av villreinområdet og sjølve arbeidet vil ligge i bygdeutviklingssona. Det er ikkje noko grunn til å tro at utvidinga vil føre til meir ferdsel i området. For villreinen vil anleggsperioden vere det som kan forstyrre. Ettersom villrein har nytta tiltaksområdet i kalvingstida bør ein tilpasse seg dette og ikkje ha anleggsverksemd i mai.

## Forslag til vedtak

Jamfør Heiplanen ligg tiltaksområde i hovudsak i bygdeutviklingssona, og dels i omsynssone villrein. I høve til villrein er det tale om relativt små og tidsavgrensa inngrep som i liten grad vil kunne påverka villreinen i driftsfasen.

Villreinnemnda vil med bakgrunn i villreinen sin områdebruk oppmoda om at det vert stilla vilkår om at anleggsverksemda ikkje blir gjennomført i kalvingstida. Villreinnemnda har elles ingen merknad til planane.

## Behandling

Røysting
Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak.

## Vedtak

Jamfør Heiplanen ligg tiltaksområde i hovudsak i bygdeutviklingssona, og dels i omsynssone villrein. I høve til villrein er det tale om relativt små og tidsavgrensa inngrep som i liten grad vil kunne påverka villreinen i driftsfasen.

Villreinnemnda vil med bakgrunn i villreinen sin områdebruk oppmoda om at det vert stilla vilkår om at anleggsverksemda ikkje blir gjennomført i kalvingstida. Villreinnemnda har elles ingen merknad til planane.

# Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Sak 10/20

## Eventuelt

| | Møtedato | Sakshandsamar: |
|---|---|---|
| Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet | 03.04.20 | Jarle Lunde |

a) Angåande godkjenning av møtebok
Sekretær rådspurde i kva form møtebok skal godkjennast for dette og kommande møter i nemnda. Skal det veljast representantar som underskriv møteboka etter kvart møte, eller skal sekretariatet sende ut utkast til møtebok til alle deltakarar med tilbakemeldingsfrist? Arbeidsutvalet var samstemte på at ein sender eit utkast til alle med ein tilbakemeldingsfrist på 3 dagar. Om ein då ikkje svarar er dette å rekne som at ein godkjenner møteboka.

b) Fjernmøte som møteform
Dette var det første møte på Skype for den nye nemnda. Fem av deltakarane var med gjennom Internett, og ein gjennom telefonlinje ved å ringje til møte. Det fungerte bra. Erfaringa til deltakarane er likevel at Teams fungerer betre når det er mange deltakarar. Det må likevel vere ei føresetnad at sekretariatet har ein lisens som gjer det mogleg å ringje til møte tilsvarande eit telefonmøte. Ein slik lisens har sekretariatet i Skype, men er usikker i forhold til Teams (teknisk skal det vere mogleg).

Neste møte blir eit fjernmøte med heile nemnda på grunn av koronasituasjonen. Sekretær sjekkar om det er mogleg å bruke Teams med moglegheit for å ringe til møte.

c) Neste møte
Førebels innkalling til vårmøte i villreinnemnda er sendt ut. Dette blir då eit fjernmøte jamfør førre punkt. Avskytingsplan for alle tre villreinområder skal behandlast.

Bestandsplan for Våmur-Roan skal i utgangspunktet behandlast i møte. Det er på noverande tidspunkt uklart om villreinlaget får vedtatt utkast til ny bestandsplan, da planlagt årsmøte blei avlyst på grunn av koronasituasjonen.
Arbeidsutvalet var samstemde på at dersom det no blir vanskeleg å behandla saka internt i laget, kan saka utsettast og heller sluttbehandlast på villreinnemnda sitt haustmøte i oktober.

På vårmøte er det vanleg at SNO legg fram ein presentasjon omkring «Nytt om villreinen». Det er og vanleg at villreinlaga får tid til orientering. Arbeidsutvalet ønskjer at SNO i år i staden for ein presentasjon, gir ein kort skrifteleg omtale. Denne leggast fram for nemnda som ei meldingssak. Dersom villreinlaga ønskjer å gi ei orientering («nytt frå villreinlaga») kan dette gjerast på same måte.

d) Einigheit om at førebuingstid blir sett til 1. time for dagens møte.